



Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

Bygge- og eigedomstenesta

Sakshandsamar:

Roald Dyrdal

E-post: Roald.Dyrdal@sfj.no

Tlf.: 93233754

Vår ref.

Sak nr.: 19/1609-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 28.02.2019

Gulatinget Nasjonale Kultursenter

Søknad om tilskot til nasjonalt kulturbrygg

Innleiing

Noreg har den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i dei nordiske landa, Gulatinglova. Den er unik i europeisk rettshistorie fordi den garanterte bøndene stor grad av sjølvråderett. For Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er denne historia eit stort aktivum, og representerer ein verdi av stor nasjonal og internasjonal interesse.

Tusenårsstaden Gulatinget er tusenårsstad både for Gulen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den vart opna i 2005, og er etablert som ein minnepark til ære for Gulatinget. Parken er i dag utforma som ein moderne tingstad, med dei monumentale kunstverka «Tingveggen», «Tinghella» og «Eldsirkelen» av Bård Breivik.

Det er i dag berre mogleg å gje publikum eit lite riss i den omfattande historia som er knytt til Gulatinget gjennom organiserte omvisingar. Sidan omvisingane går føre seg utomhus, er det også berre i sommarsesongen det er mogeleg å drive formidling. Det har difor – heilt frå opninga – vore ein sentral del av strategiplanen for Tusenårsstaden Gulatinget, å etablere eit senter for læring og oppleveling på Tusenårsstaden. Dette skal sikre at ein kan ta i mot publikum heile året.

Bygget skal romme ei fast utstilling, sal for film/framsyning, samt kafé og servicefasilitetar for publikum. I tillegg skal bygget huse kulturhusfunksjonar og ha rom for konferansar og andre tilstellingar. Det er og lagt inn arbeidsrom for lag og organisasjonar som i dag samarbeider om formidling og arrangement på Gulatinget. Etableringa av eit senter for publikum vil difor vere ein avgjerande milepæl i den vidare utviklinga av Tusenårsstaden Gulatinget, som vil ha positive ringverknader for heile regionen.

Sidan opninga av Tusenårsstaden Gulatinget, har Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune saman stått for forvaltning og formidling av historia knytt til Gulatinget. Samarbeidet er forankra gjennom fleirårige samarbeidsavtalar, og har vore finansierte gjennom årlege løvvingar frå både partar. Utviklingsarbeidet knytt til Tusenårsstaden Gulatinget er leia av ei styringsgruppe med representantar frå politisk og administrativt nivå i både kommune og fylkeskommune.

Kommunen og fylkeskommunen står samla i utviklingsarbeidet, og det er brei semje omkring realiseringa av det lenge planlagde senteret på Gulatinget. Denne søknaden vert derfor sendt på vegne av begge partar.

Planane som ligg føre er eit resultat av grundige prosessar over fleire år. Arkitektgruppen CUBUS as vann tidlegare ein open internasjonal arkitektkonkurranse med prosjektet «Gjennom Skaret». Over 40 arkitektfirma deltok i konkurransen. Vinnarkonseptet er no vidare utvikla til eit komplett forprosjekt og det er dette som ligg til grunn for søknaden om statleg tilskot til prosjektet.

Grunnlag og føremål med prosjektet

Med bakgrunn i den historiske posisjonen Gulatinget har hatt for framveksten av Noreg som demokrati og rettsstat, er det sentralt at formidlinga for framtida kan gå føre seg i verdige rammer. Det er styringsgruppa sin klare meining at dette berre kan løysast gjennom realisering av eit eigna senter, med tenlege fasilitetar og dei fuksjonane som no er planlagt i senteret.

Styringsgruppa har utarbeida ei grunngjeving som summerer opp kvifor ein ser etablering av Gulatinget Nasjonale Kultursenter som særsviktig, jf. vedlegg nr 1

Om prosjektet «Gjennom skaret»

Prosjektet skal formidle eit kulturminne der utfordringa ligg i at det er svært få sansbare spor etter dei hendingane som gjer staden sentral i vår historie. I lys av dette har arkitektane hatt som mål å skape eit anlegg med rike opplevingar og sterke sanseleige inntrykk som gjer formidlinga forsterka og levande. Det nye anlegget skal bidra til at eit besøk til Gulatinget er ei oppleving som stimulerer både det intellektuelle og våre sansar.



Forslaget viser eit bygg som er monumentalt og verdig, samstundes som det tek omsyn til byggherren sitt ynskje om fleksibilitet og fleirbruk. Hovudgrepet er eit kompakt, lineært bygg som knyter seg både til det øvre og nedre landskapsrommet. Bygget gir eit lite fotavtrykk i eit verdifullt, historisk kulturlandskap, men samstundes vil det være godt synleg frå landskapet rundt.

Det arkitekt- og ingeniørfaglege grunnlaget er samla i vedlagt forprosjektrapport datert 21.02.19, jf. vedlegg nr 2. Dette er hovudrapporten i prosjekteringsarbeidet. Det følgjer i tillegg med eit teikningsvedlegg med tekniske teikningar i målestokk 1:100, jf. vedlegg nr 3.

Forprosjektet er ei vidareføring av Arkitektgruppen Cubus as sitt vinnarforslag frå plan- og designkonkurransen i 2011 og skisseprosjektet som vart utarbeida i 2012. I forprosjektet har det vore gjort eit detaljert arbeid med kvalitetssikring av funksjonsprogrammet og dei tekniske løysingane. Arbeidet er gjort i tett samarbeid med brukarane og styringsgruppa for Gulatinget.

Bygget er planlagt for å stette dagens krav til universell utforming og likeeins er det lagt opp til miljøvennlege og effektive løysingar og materialval i konseptet. Dette er nærmere beskrive i vedlagt forprosjektrapport.

Dette er ei offentleg anskaffing slik at kjøp og kontraheringar naturlegvis skjer i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Investering/rammebudsjett

Saman med forprosjektrapporten er det utarbeida eit kalkylegrunnlag, jf. vedlegg 4. Kommunen og fylkeskommunen har komplettert dette med tomteskostnader og noko inventar og sett opp eit samla rammebudsjett for bygget på **75 mill. kr**, inkl. meirverdiavgift, jf. vedlegg 5.

Det er rekna med at prosjektet vert godkjent for refusjon av meirverdiavgift, og det vert på det grunnlag søkt om statleg tilskot på 1/3 av prosjektkostnaden eks. mva. Det er i kostnadskalkylen sett av i om lag 7% i marginar, 5 % i usikkerheit og 1% til kunstnarisk utsmykking.

Organisering og gjennomføring

Kommunen og fylkeskommunen har lenge hatt eit tett samarbeid om Gulatingset og no om utviklinga av forprosjektet. Intensjonsavtalen jf. vedlegg 6, er vedteken i hhv. Kommunen og fylkeskommunen. Målsettinga med avtalen er å regulere samarbeidet om planlegging, bygging og drift av senteret. I hovudtrekk vil fylkeskommunen stå som ansvarleg for oppføring av bygget og kommunen få hovudansvaret for den daglege drifta (på staden).

Det er vidare utarbeida utkast til eigaravtale, jf. vedlegg 7 der partane formaliserer sameige i eigarbrøk 50/50. Avtalen er førebels eit arbeidsutkast på administrativt nivå og vil bli lagt fram for endeleg politisk handsaming/signert når finansieringsplanen ligg føre og seinast før entreprisar vert kontrahert. Dette slik intensjonsavtalen regulerer.

Finansiering og framdrift

Fylkeskommunen har i gjeldande budsjett 2019/økonomiplan 2019-22 (FT sak 56/18 av 04.12.18) sett av midlar til prosjektet med ein samla sum på 75 mill. kr fordelt i perioden 2018-2021. Det er då føresett delt finansiering (jf. fig. 1) på prosjektet slik:

Statleg tilskot	20 mill. kr
Gulen kommune	20 mill. kr
Sogn og Fjordane fylkeskommune	20 mill. kr
Refusjon meirverdiavgift	15 mill. kr
Samla investering bygg	75 mill. kr




Fig.1 Fordeling finansiering

Gulen kommune har for sin del handsama saka i kommunestyret 04.12.18 (sak 90/18 Budsjett 2019 med revidert handlings- og økonomiplan 2019-22) og løyvd samla 20 mill. kr for sin del av finansieringa.

Det er utarbeida ein stipulert rammeplan for prosjektet, jf. **vedlegg 8** Denne skisserer planlagt framdrift saman med kalkulert forbruk i prosjektperioden. Dersom staten løyver det omsøkte investeringstilskotet over statsbudsjettet for 2020, kan prosjektet vidareførast med planlagt oppstart i 2020 og ferdigstilling i 2021 - slik rammeplanen legg opp til.

Utstillinga, formidling, m.m.

Gulatingsmonumentet er eit immaterielt kulturminne. Levandegjering av tinget, aktualisering av Gulatingslova og formidling av relevansen tinget og lova har hatt for framveksten av Noreg som rettsstat og demokrati, har fokus for formidlinga.

Til grunn for romplanen i bygget ligg formidlingskonseptet utvikla av det Islandske firmaet Gagarin. Selskapet er leiande i utvikling og formidling av historiske og naturbaserte tema, formidla gjennom interaktiv multimedia teknologi. Konseptet formidlar gjennom ei rekke interaktive installasjoner, ulike tema knytt til historia til Gulatingsmonumentet. Formidlinga vert løyst gjennom installasjoner der publikum kan utforske historia ut frå eigen interesse. Ulike mediar som film, tekst og bilde veksler gjennom utstillinga.

Det vidare arbeidet med utstillinga skal lysast ut som eit eige prosjekt, men førebels er utstillings- og formidlingskonseptet samla kalkulert til 12 mill. kr eks mva. Innhaldet i konseptet er nærmere skissert i både vedlegg 1 og vedlegg 2 til denne søknaden.

Fylkeskommunen og kommunen er innstilt på å ta sin del av desse kostnadane, og søker samstundes med bygget no statleg tilskot for utstillingskonseptet etter same fordeling. Dvs. at vi med dette søker om **4 mill. kr** i statleg investeringstilskot til dette.

Drift

Kommunen og fylkeskommunen har sidan opninga av tusenårsstaden i 2005 stått saman om drifta av anlegget med ei 30/70 fordeling på hhv kommune/fylkeskommune. Styringsgruppa har utarbeida eit budsjett for drift av staden/bygget der dette ligg til grunn, jf. **vedlegg 9**. Utgangspunktet er dagens budsjett supplert med kalkulerte utgifter/inntekter når det nye formidlingsbygget er etablert.

Oppsummert

Tingsamlingane var dei første steга mot politisk organisert maktdeling i Noreg. Tingordninga kan sjåast som ein tidleg og viktig del av norsk demokratiutvikling. Å få etablert eit formidlingsbygg på Gulatingsmonumentet er derfor viktig for kommunen og fylkeskommunen, men også i eit nasjonalt perspektiv.

Frå 2020 vert forvaltning og formidling av Gulatingsmonumentet eit felles prosjekt for nye Vestland fylkeskommune. Første felles fylkestinget for den nye regionen vart difor også lagt til Gulatingsmonumentet, med tilhøyrande høgtidlege markering av det nye fylket på Tusenårsstaden. Satsinga på eit formidlingsenter på Gulatingsmonumentet er noko som står opp under felles historiske røter i den nye regionen.

Vi vonar staten står opp om prosjektet og det vert med dette søkt om statleg tilskot til Gulatingsmonumentet nasjonale kultursenter, samla 24 mill. kr (20 mill. kr til bygg + 4 mill. kr til utstilling).

Dersom det er ynskjeleg med fleire eller utfyllande opplysningar i saka ber vi om ei snarleg tilbakemelding.

Kontaktpersonar i saka er:

Gulen kommune
v/rådmann Reidun Halland
ep. reidun.halland@gulen.kommune.no
tlf. 57782001 mob. 94506787

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund
ep. jan.tore.rosenlund@sfj.no
tlf. 57638000 mob. 91674735

Med beste helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Grunngjeving for etablering av Gulatings Nasjonale Kultursenter
2. Forprosjektrapport dat 21.02.19
3. Teikningsvedlegg
4. Kalkylevedlegg
5. Budsjett
6. Intensjonsavtale
7. Eigaravtale
8. Rammeplan framdrift/forbruk
9. Driftsbudsjett

Mottakar (ar)
Kulturdepartementet Postboks 8030 DEP 0030 OSLO

Kopi til:
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik